

Før jordskifte hadde Grotle ytre 7 eigarar. Fram til rundt 1900 var der om lag 50 menneske som budde samla i eit klyngetun, med omlag 40 små og store hus. Fjørshusa stod i utkanten mot aust, stovehusa stod på vestsida av tunet, tett saman, og småhusa spredt i mellom. Alle husa hadde egne namn; som Framistova, Storstova, Bristova, Noistova osv.

Kvart bruk hadde 8-9 teigar og jordlappar som alle hadde namn. Her var korn og potetåkra, og bruka hadde 4 kvernhus til felles bruk. Til gjødsel blei det nytta mykje tare.

Føda var elles fisk. Kjøttproduksjon av sau og geit vart mest nytta som salsvare. Nødvendige bruksting blei laga i heimane. Mannfolka laga trehølkje og spann, smørholkar og kjiper. Kvinnene karda og spann, spøta og vov til det nødvendige i heimen. Det var vanleg å sjå kvinnene gå langs vegane med spøt i hendene, også på fjellvegen til mjølkeplassane.

Etter jordskifte blei husa flytta til egne gardsbruk, men namna er ibruk framleis. Nausta står der dei blei bygde, nær klyngetunet.

Gamalt frå Bremanger (1981)

Utdrag av tekst: Kristoffer i Framistova fortel (av Kr. R. Grotle)